



Bømlo kommune  
Leirdalen 1  
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Olav Overvoll, 5557 2315

## Statsforvaltaren i Vestland vedtar forskrift om utvida jakttid på grågås i Bømlo kommune

### Bakgrunn

Som fleire av kystkommunane i Vestland, har også Bømlo kommune utfordringar knytt til beitande gjess på innmark. På bakgrunn av dette har kommunen fått utarbeidd ein kommunal forvaltingsplan for grågås. Denne vart godkjend av Statsforvaltaren i juli 2024.

Ordinær jakttid for grågås er 10. august – 23. desember, men fordi hausttrekket startar i juli månad, har mange av gjessene i distriktet trekt sørover før ordinær jakttid startar. Bømlo kommune ønskjer difor utvida jakttid på grågås.

Forslag til forskrift om utvida jakttid på grågås i Bømlo kommune vart sendt på høyring den 12.5.2025. Det kom ikkje inn merknader til forslaget.

### Vedtak

I tråd med Forskrift om jakt- og fangsttider (FOR-2022-01-21-128) § 3, punkt 1a, vedtar Statsforvaltaren forskrift om utvida jakttid på grågås i Bømlo kommune. Forskriftsteksten er gitt i vedlegg, side 3 i dette brevet.

### Vurdering av miljørettsprinsippa

Jf. naturmangfaldlova § 7, skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Kunnskapen om grågåsbestanden, både lokalt og regionalt på Vestlandet, er etter vårt vurdering god (jf. nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget). Bestanden har lenge vore aukande i ytre og midtre delar av fylket. Førre-var-prinsippet (§ 9) slår ikkje inn, sidan kunnskapsgrunnlaget er godt og det er ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Utvida jakt vil rette seg mot ein enkelt art som har ein sterk og livskraftig bestand, og vil ikkje føre til negativ samla belastning på økosystemet, jf. § 10. Kostnadane ved miljøforringing (§ 11) er ikkje relevant i denne samanhengen. Jakt og eggsanking skal gå føre seg med velkjende, lovlege metodar, og er slik sett i tråd med § 12.



Med helsing

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM



## Vedlegg

### Forskrift om utvida jakttid for grågås i Bømlo kommune, Vestland

#### § 1. Føremål

Formålet med forskrifta er å regulere grågåsbestanden i tråd med lokale bestandsmål gitt i kommunal forvaltingsplan for grågås, med vekt på å avgrense skadeomfang på aktivt drivne innmarksareal.

#### § 2. Utvida jakttid

Jakta på grågås blir utvida med 20 dagar i forkant av ordinær jakttid, dvs. frå og med 21. juli til og med 9. august. Jakta i den utvida jaktperioden skal føregå i tidsrommet kl. 04:00–10:00.

Det er berre tillate å jakte på dyrka mark og gjødsla beite, og inntil 30 meter frå slike areal. Dei første fem dagane av 20-dagarsperioden skal jakta vere avgrensa til flygande fugl over aktivt drivne innmarksareal.

Jaktinnsats og fellingsresultat i den utvida jaktperioden skal rapporterast til kommunen.

#### § 3. Iverksetjing og varigheit

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil den blir avløyst eller endra i tråd med revisjon av sentral forskrift om jakt- og fangsttider.

#### § 4. Oppheving

Statsforvaltaren kan når som helst oppheve forskrifta dersom den medfører uønskte konsekvensar.

#### § 5. Straff

Brot på denne forskrifta blir straffa etter viltlova § 56.